

Ordskifte

E-POST: ordskifte@dagogtid.no Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.

«Perspektivet i læreplan og styringsdokument er instrumentalistisk innretta.»

Fullstendig fallitt

NORSKFAGET

JØRGEN M. SEJERSTED
BERGEN

I Dag og Tid 18. november uttrykte eg uro for korleis skjønnlitteratur og kvalitet vert handsama i Kunnskapsløftet. Perspektivet i læreplan og styringsdokument er instrumentalistisk innretta. Denne tendensen spreier seg i lærebøker og styringsdokument.

Diskusjonen i etterkant har ikkje rokka ved dette. Sjølv om det lukkelegvis er mykje kulturell motstandskraft i lærarstanden, må ein vere uroa for denne ideologisk styrde prosessen. Bjørn Kvalsvik Nicolaysen hevdar i siste Dag og Tid at PISA-undersøkinga syner «forbetringar i lesedugleiken» og at «dei unge isolerer seg i mindre grad». Dette gjev han literacy-perspektivet æra for.

Diverre er det, som fleire har peika på, ei minst like rimeleg tolking av PISA-undersøkinga at dei unge kjenner seg *meir* sosialt isolerte, og at lesedugleiken er som i år 2000, før literacy-reforma. Sannsynlegvis kan me i framtida oppnå betre PISA-resultat ved å innrette undervisninga etter prøveforma, men kva er målet? Irland og Finland er på den europeiske PISA-toppen. Singapore er best av alle. Kva er det med desse samfunna som gjer at norsk skulekultur skal etterape dei?

Nicolaysen har nok uansett rett i at det er ein ideologisk samanheng mellom literacy og PISA. Svein Sjøberg har argumentert overtydande (NNT 2014) for at PISA er ledd i OECDs nyliberalistiske marknadsagenda. Vel, no er ikkje eg imot at Noreg tek del i PISA-undersøkinga, men å gjere resultata derifrå til hovudpremiss for utviklinga av norskfaget, er fullstendig kulturfallitt. Nicolaysen skuldar meg for å «setje utnamn på kollegaer». Då bør han nok heller skjenne litt på meiningsfellen sin, Kjell Lars Berge, som har som retorisk hovudstrategi å setje utnamn på andre som «sutrekor» som «kaklar» osv. Om denne maktretorikken er representativ for slikt «retorisk medborgarskap» som literacy-rørsla dyrkar, ja, då skal du ha takk. Eg ser nok at Nicolaysen sjølv har vorte litt påverka av slikt i det siste innlegget sitt, det er trist, men ikkje uventa i ljøs av den overordna utviklinga som var utgangspunktet for debatten.

Jørgen M. Sejersted er fyrsteamanuensis i nordisk litteratur ved Universitetet i Bergen.

Literacydebatt er avsporing

NORSKFAGET

ELDAR HEIDE
BERGEN

Debatten om norskfaget den siste tida er etter mitt skjønn prega av snakking forbi kvarandre, medan dei røynde motsetnadene ikkje blir diskuterte. Det ser ut til at det Sejersted og Karlsten på eine sida og Kvalsvik Nicolaysen på hi sida er usamde om, er om omgrepet literacy er noko positivt eller negativt. I synet på kva som er god skule, ser det ut til at dei ikkje er så usamde.

Men kva er literacy? Eg kan ikkje forstå at det treng å vera nokon motsetnad mellom literacy og (humanistisk) danning. Ifølgje Skjelbred og Veum (*Lite-*

racy i læringskontekster, 2013), handlar literacy om å få tilgang til den kulturen som tekstar representerer og å meistre den kulturen, gjennom å kunne orientere seg i han, velja kritisk og klare å bruke han aktivt i eige livsprosjekt, til å realisere seg sjølv og ta del i samfunnet og demokratiet.

Dette kunne òg vore ein definisjon av danning, og Skjelbred og Veum brukar dei to omgrepa synonymt. At literacy har eit stort danningaspekt og er ein føresetnad for danning, også i læreplanen, peika Berge på i artikkelen som starta debatten (Dag og Tid 18. november), og faktisk nemner Sejersted òg (Dag og Tid 2. desember) at lite-

racy kan ha eit slikt innhald som han ønskjer seg.

Kvifor då avvise literacy-omgrepet? Er det ikkje betre å ta det til seg og sikre at det får eit sympatisk innhald? Det er eit viktig omgrep, så dersom det finst krefter som vil gje det eit strengt instrumentelt, nypositivistisk innhald, bør dei ikkje få kapre det. Eg meiner det er fornuftig at norskfaget satsar på lesestrategiar, sjangerkunnskap, prosessorientert skrivning og metaspråk – både fordi dette er opplagt og direkte nyttig for elevane og fordi dei mognast og utviklar seg som menneske og samfunnsborgarar av å arbeide med slike ting. Dersom undervisninga blir gjennomført med

unødvendig teoretiserande og framandgjerande språk, eller dei sterkaste elevane må kaste bort tid på ting dei ville forstått av seg sjølve, så lat oss få gjort noko med det.

Å avvise heile prosjektet er elitistisk og reaksjonært, så eg tviler på at nokon av debattantane verkeleg ønskjer det. Det det er røynde og stor usemje om, er kor norskfaget skal plasserast på skalaen mellom det instrumentelt nyttige og (den humanistiske) kulturarven, og, som ein del av dette: Kva tekstar, og kva type tekstar, skal lesast i skulen? Lat oss diskutere dette, det trengst.

Eldar Heide er fyrsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Bergen.

Lurt av Karlsten

NORSKFAGET

ESPEN TØRSET
ORKDAL

Det var smått utroleg å lese innlegget til professor Ole Karlsten i Dag og Tid 9. desember. Kanskje har det gått for kort tid frå eg las innlegget til eg no responderer på det, for pulsen er enno høg. Likevel, ein kort kommentar må til, og ein heil del spørsmål tilbake til Karlsten må stilast. For det er sær sjeldan eg les ei sånn raljering og ovanfrå-og-ned-haldning frå ein person som ein eigentleg har høg fagleg respekt for. Og meir usakleg enn det Karlsten er i innlegget sitt, kan eg no uansett ikkje bli.

Kva i all verda er det du innbillar deg skjer i norske klas-

serom, Karlsten? Kva trur du norsklærarane faktisk gjer om dagane? Du skriv at «[d]en jamne norsklærar veit ikkje si arme råd og konsentrerer seg difor om dei enklaste 'læringsmåla', dei som gjer norskfaget til eit nyttefag i enklaste forstand». Kor har du det ifrå? Er det empiri bak ein sånn påstand, professor? Sjølv sagt er norskfaget eit nyttefag, elevane må jo ha nokre verkty med seg når dei skal arbeide med tekstar, men du veit vel at vi gjer så mykje meir? Og eg er heilt sikker på at du veit at læreplanane i den norske skule berre er ei ramme. Ei moglegheit. Eller mange moglegheit. Du bruker litteraturkritikar Knut Hoem som sanningsvitne for dine sleivspark.

Kan du seie meg kva for lærebok i norsk som ikkje har skjønnlitteraturen plassert *bak* i læreboka? Og kva rolle spelar det for undervisninga i klasserommet? Du bør lese noko av den litteraturdidaktiske forskninga som finst på området, så får du eit litt anna syn på kva vi gjer i norsktimane våre. Det er faktisk ganske mykje bra. For meg ser det ut som at du veit lite om korleis vi les skjønnlitteratur i skolen. Veit du at vi nærles? At vi les tekstane historisk-biografisk? At vi set tekstane inn i ein historisk kontekst? Eller i vår eigen kontekst? Vi lærer at å lese skjønnlitteratur gjer noko med oss. Eller, forresten, når eg les korleis du uttrykkjer deg, professor Karlsten, mistar eg ein

augneblink trua på at poesisjangeren kan gjere noko med vidsynet til mennesket. Men det går sikkert over om ei tid.

Heile innlegget ditt bygger opp under eit bilete som faktisk ikkje finst. Dette er jo rein konspirasjon. Til sist: Eg trur ingenting på at du kjenner mange norsklærarar i vidaregåande skule som «vel underhaldningsbøker, løkkeskriftbøker og kjendisbiografiar (...) i staden for Ibsen og Solstad». Det er rett og slett sprøyt, Karlsten. Eg finn ikkje ein annan måte å seie det på.

Sånn. Eg måtte berre få det ut.

Espen Tørset er norsklektor ved Orkdal vidaregåande skole.

Berge og litteraturen

NORSKFAGET

PER TORE DALEN
NESODDEN

Jørgen Sejersted har retta skarp kritikk i Dag og Tid mot Kjell Lars Berge og Kunnskapsløftet («Litteraturen som forsvann» 18. november og «Kald klo om norskfaget» 2. desember). Berge skuldar Sejersted for ikkje å ha «fylgt med i timen» og å blande korta, det vil seie Kunnskapsløftet og norskplanen. Innvinga er i røynda ikkje relevant, for kritikken gjeld sjølve måten språk og kommunikasjon vert handsama på bae stader. Skiljet er i seg sjølv problematisk og heng saman med at heile prosjektet, som Sejersted peikar

på, er nypositivistisk. Skal den såkalla språklege vendinga spele noka rolle, må litteraturen ha ein grunnleggjande plass. Det er ikkje noko tilfelle at den språklege vendinga har vore kalla den *litterære*, eller jamvel den *retoriske* vendinga (Hans Hauge).

Berge er prinsipielt skeptisk til skjønnlitteratur når det gjeld å utvikle dugleiken til elevane i lesing og skrivning. Han hevdar at satsing på litteratur var hovudårsaka til at elevane las og skreiv dårleg før Kunnskapsløftet, og viser til gransking av elevprestarar rundt år 2000 (Morgenbladet 2. desember). Men då hadde tradisjonen på feltet vore i oppløysing i lang tid.

Alt i 1980-åra kunne vi i vida-

regående skole sjå verknaden av ei ny instrumentalistisk tilnærming. Tekniske omgrep frå læreboka hadde langt på veg fått eigenverd utan omsyn til om dei hadde nokon funksjon i tolkinga av teksten. Det verserte noko som vart kalla «kommunikasjonsmodellen», som forklarte korleis vi skulle forstå *all* kommunikasjon. Det var eigentleg ein rein ingeniørmodell. Bakteppet var den nye medierøyndommen. Elevane skulle ikkje minst lære å «lese» mediebodskapar. Ironisk nok finn vi noko nær den same forståinga i didaktiske vegleingar etter Kunnskapsløftet. Jamvel «munnlege tekstar i klasserommet» skal elevane «lese» slik. Vi andre må berre

ikkje late oss dupere av dei sofistikkerte og fancy omgrepa.

Sejersted har levert eit framifrå forsvar for skjønnlitteraturen i skolen. Det er viktig ikkje berre for litteraturen, men òg for pedagogikk heilt allment. For at det skal vere så tydeleg som det fortener, må nok likevel litteraturen komme ut av den estetiske enklaven han har vore i dei siste femti åra. Den praktisk-moralske dimensjonen var ein føresetnad for den sentrale rolla han hadde i pedagogikken. Og dette var i røynda i pakt med ein gammal tradisjon. I det meste av to tusen fem hundre år fram til i dag har litteratur og retorikk faktisk vore grunnlaget for *all* pedagogikk.

Per Tore Dalen er pensjonert lektor.